



## VOLDA KOMMUNE

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjorden, Volda rådhus  
**Dato:** 14.06.2016  
**Tid:** 16:00

Faste medlemer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP

Faste medlemer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Gunnar Strøm	SP
Sindre Rotevatn	Dan Helge Bjørneset	H

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Per Heltne	Sakshandsamar PS 112/16
Asbjørn Moltudal	Rådgjevar PS 113/16 og 114/16

# SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 110/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 111/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 112/16	<b>Planid 200700-01 - Volda Fergekai- rv. 651. Dispensasjon frå reguleringsplan. Forvalningsstyret sak PS86/15 - 8.12.2015</b>
PS 113/16	<b>Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ.</b>
PS 114/16	<b>Søknad om midlar til kartlegging av prosjekt "Destinasjon Volda"</b>
PS 115/16	<b>Orienteringssaker</b>
OS 94/16	<b>Søknad om utsett frist til å ta stilling til kommunesamanslåing som kryssar fylkesgrensa</b>

## **PS 110/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Handsaming:**

#### Innkalling

Ettersending av dokument på møtedagen:

- Vedlegg til PS 113/16 – *Kommunereforma – resultat av innbyggjarundersøking i hove til Hornindal og Stryn – endeleg vedtak.*

### **Røysting:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 111/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte, 07.06.2016, vart samrøystes godkjent.

## **PS 112/16 Planid 200700-01 - Volda Fergekai- rv. 651. Dispensasjon frå reguleringsplan. Forvaltningsstyret sak PS86/15 - 8.12.2015**

### **Administrasjonen si tilråding:**

1. *Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.*
2. *Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavstånd, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.*

### **Handsaming:**

Sakshandsamar Per Heltne møtte under handsaminga av saka.

Ordføraren orienterte om saka.

Odd A. Folkestad kom med slikt endringsframlegg pkt. 1 og 2, og tilleggsframlegg pkt. 3:

1. *Volda kommunestyre viser til K.sak 33/07 der ny reg.plan for Vikeneset vart eigengodkjend. Kommunestyret kan ikkje godkjenne forslaget sidan det i det er gjort store avvik i høve til reguleringsplanen t.d. vedr arealbruk og talet på biloppstillingsplassar. Vegvesenet blir difor bedne om straks å leggje fram nytt forslag til løysing som betre samsvarar med den gjeldande reguleringsplanen.*
2. *Kommunestyret føreset - av trafikktryggleiksmessige årsaker - at Statens vegvesen i den planlagde utbygginga også inkluderer forbetra ut-/innkoyring til E39, i samsvar med reguleringsplan-vedtaket i K.sak 33/07.*
3. *Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.*

Prøverøysting:

Det vart røysta punktvis over framlegget til Odd A. Folkestad.

Pkt. 1 fekk ei røyst (Odd A. Folkestad), åtte røysta mot.

Pkt. 2 fekk ei røyst (Odd A. Folkestad), åtte røysta mot.

Pkt. 3 fekk seks røyster, tre røysta mot (Sindre Rotevatn, Jørgen Amdam og Fride Sortehaug)

Det vart røysta punktvis over tilrådinga frå administrasjonen.

Pkt. 1 fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

Pkt. 2 fekk åtte røyster, Odd A. Folkestad røysta mot.

### Røysting:

Det vart røysta alternativt mellom endringsframlegget frå Odd A. Folkestad pkt. 1 og 2 og tilrådinga frå administrasjonen pkt. 1 og 2. Pkt. 1 og 2 i tilrådinga frå administrasjonen fekk åtte røyster og vart vedteke. Odd A. Folkestad røysta mot.

Framlegget frå Odd A. Folkestad, nytt pkt. 3, vart samråystes vedteke.

### Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret

1. *Kommunestyret viser til vedtak i Forvaltningsstyret sak 76/15 og 86/15 og tek til vitande dei vilkår og føresetnader som der er gitt med omsyn til bygging/utforming av ny fergekai i Volda sentrum.*
2. *Kommunestyret sluttar seg til dei retningsliner som er gitt for vidare planutforming i kommunen sitt brev av 28.04.2016, og ber om at dette vert fylgt opp vidare i planarbeidet og i avtale med kommunen om grunnavståing, bruk og drift av anlegga i området etter riving av eksisterande kai.*
3. *Kommunestyret vil melde frå om at det kan verte aktuelt å søkje om erstatning for tapt "kaiareal" som ein konsekvens av at den nye ferjekaia no vert flytta, noko som vil redusere kommunens noverande kaiareal/kailine.*

### **PS 113/16 Kommunereforma - Endeleg vedtak av alternativ.**

#### Administrasjonen si tilråding:

1. *Volda kommune sluttar seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I*

*Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.*

2. *Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøystinga tilrår Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune.*

### **Handsaming:**

Dokument utsendt på møtedagen:

- Vedlegg til PS 113/16 – Kommunereforma – resultat av innbyggjarundersoking i høve til Hornindal og Stryn – endelig vedtak, datert 13.06.2016.

Rådmannen orienterte om saka.

Sakshandsamar Asbjørn Moltudal møtte under handsaminga av saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

1. Volda kommune slutta seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.

2. Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. *Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.*

*3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggargranskninga i Volda viser at 60 % var for kommunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggargranskning og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).*

*4. Kommunestyret ser ut frå ei samla vurdering det ikkje tenleg å holde fram som eiga kommune.*

*5. Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.*

*6. Sidan innbyggargranskingsa viser klar tilslutning til samanslåing, finn Volda kommunestyre at det ikkje er turvande med folkerøysting.*

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

*A) Resultata frå folkerøystingane i Volda, Ørsta og Stryn er no kjende. Volda kommunestyre vil med bakgrunn i desse røystingane, avslutte drøftingane med Ørsta kommune og Stryn kommune om kommunesamanslåing.*

*B) Først etter avhalde kommunestyremøte i Hornindal den 30/6, vil Volda kommune vite om det er aktuelt å føre dialog vidare med Hornindal med sikte på kommunesamanslåing.*

*C) Slik stoda i kommunereformsaka har blitt, vil det vere aktuelt for Volda kommune snarleg å kontakta nabokommunane Eid og Vanylven for å avklare om det kan vere aktuelt å gå i samarbeidsdrøftingar med nokon av desse. Fullmakt til å gjennomføre slike sonderingsdrøftingar blir give til ordføraren.*

Det vart halde gruppemøte.

Odd A. Folkestad trekte framlegget sitt.

Odd A. Folkestad kom med slikt framlegg:

Forslag 1:

*A) Resultata frå folkerøystingane i Volda, Ørsta og Stryn er no kjende. Volda kommunestyre vil med bakgrunn i desse røystingane, avslutte drøftingane med Ørsta kommune og Stryn kommune om kommunesamanslåing.*

*B) Først etter avhalde kommunestyremøte i Hornindal den 30/6, vil Volda kommune vite om det er aktuelt å føre dialog vidare med Hornindal med sikte på kommunesamanslåing. Dette må det straks meldast frå til fylkesmannen om.*

---

Forslag 2:

*Slik stoda i kommunereformsaka har blitt, vil det vere aktuelt for Volda kommune snarleg å kontakta nabokommunane Eid og Vanylven for å avklare om det kan vere aktuelt å gå i samarbeidsdrøftingar med nokon av desse. Fullmakt til å gjennomføre slike sonderingsdrøftingar blir give til ordføraren.*

Prøverøysting:

Det vart røysta punktvis over forslag 1 frå Odd A. Folkestad.

Pkt. A fekk to røyster (Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik), sju røysta mot.  
Pkt. B fekk ei røyst (Odd A. Folkestad), åtte røysta mot.

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster.  
Pkt. 2 Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framleggget frå ordføraren. Framleggget frå ordføraren fekk seks røyster, tilrådinga frå administrasjonen fekk tre røyster (Margrete Bjerkvik, Anders Egil Straume og Odd A. Folkestad).  
Pkt.3 Tilleggsframlegg frå ordføraren fekk sju røyster, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik).  
Pkt. 4 Tilleggsframlegg frå ordføraren fekk fire røyster (Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Sindre Rotevatn og Anders Egil Straume), fem røysta mot.  
Pkt. 5 Tilleggsframleggget frå ordføraren fekk seks røyster, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Rebecca Riise Bjerknes).  
Pkt. 6 Tilleggsframleggget frå ordføraren fekk seks røyster, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Rebecca Riise Bjerknes).

#### Røysting:

Odd A. Folkestad sitt framlegg «Forslag 1» fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta mot.

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen fekk ni røyster og vart vedteke.  
Pkt. 2 Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå administrasjonen og framleggget frå ordføraren. Framleggget frå ordføraren fekk sju røyster og vart vedteke, tilrådinga frå administrasjonen fekk to røyster og fall (Margrete Bjerkvik og Anders Egil Straume).  
Pkt.3 Tilleggsframleggget frå ordføraren fekk sju røyster og vart vedteke, to røysta mot (Odd A. Folkestad og Margrete Bjerkvik).  
Pkt. 4 Tilleggsframleggget frå ordføraren fekk fire røyster og fall (Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Sindre Rotevatn og Anders Egil Straume), fem røysta mot.  
Pkt. 5 Tilleggsframleggget frå ordføraren fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Margrete Bjerkvik og Rebecca Riise Bjerknes).  
Pkt. 6 Tilleggsframleggget frå ordføraren fekk seks røyster og vart vedteke, tre røysta mot (Odd A. Folkestad, Anders Egil Straume og Rebecca Riise Bjerknes).

Odd A. Folkestad sitt framlegg «Forslag 2» fekk ei røyst (Odd A. Folkestad) og fall, åtte røysta mot.

#### Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret:

*1. Volda kommune sluttet seg i 2014 til intensjonane om ei nasjonal kommunereform. I tråd med intensjonane for reforma har kommunen lagt til rette for involvering av innbyggjarane, gjennomført nabopratar og kartleggingar av samanslåingsalternativ. Volda kommune har gjennomført forhandlingar om samanslåing med Ørsta kommune. Intensjonsavtale om å slå saman kommunane Volda og Ørsta vart signert 15. mars 2016. Rådgjevande folkerøysting om dette alternativet vart avvikla 19. mai 2016. I Volda svarte 68,9 % nei, 30,5 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,8 %. I Ørsta svarte 61,8 % av dei frammøtte nei, 37,3 % svarte ja. Blanke stemmer var 0,9 %.*

*2 .Med bakgrunn i resultatet av rådgjevande folkerøysting vedtek Volda kommunestyre at Volda kommune ikkje vert samanslegen med Ørsta kommune. Intensjonsavtalen med Ørsta blir oppheva.*

*3. Volda kommune signerte intensjonsavtale med Hornindal og Stryn 14. april 2016 med grunnlag i forhandlingar i mars og april. Innbyggargranskingsa i Volda viser at 60 % var for komunesamanslåing, 27 % mot. 45 % av informantane var for samanslåing mellom Hornindal, Stryn og Volda, medan 41 % ynskte samanslåing berre med Hornindal. I innbyggargranskingsa og folkerøysting i Stryn fekk alternativet med Volda lite tilslutning; 27 % og 12 %. Samanslåing med Stryn er dermed lite aktuelt. I Hornindal var meiningsane delt om samanslåing med Volda eller Stryn (44 % for kvart), medan eit stort fleirtal ønskte samanslåing både med Volda og Stryn (71 %).*

*4. Under føresetnad av tilsvarande vedtak i Hornindal kommunestyre, vedtek Volda kommunestyre at Volda blir samanslegen med Hornindal kommune.*

*5. Sidan innbyggargranskingsa viser klar tilslutning til samanslåing, finn Volda kommunestyre at det ikkje er turvande med folkerøysting.*

## **PS 114/16 Søknad om midlar til kartlegging av prosjekt "Destinasjon Volda"**

**Administrasjonen si tilråding:**

1. *Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal oyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.*
2. *Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.*
- 3. Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal lovvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2017.*

**Handsaming:**

Rådmannen gjorde ei redaksjonell endring i tilrådinga frå administrasjonen pkt. 3; 2017 vart endra til 2018.

*Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal lovvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2017 2018.*

Odd A. Folkestad kom med slikt tilleggsframlegg pkt. 1:

*"Midlane skal nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune."*

Ordføraren kom med framlegg om å føye til «*inn til vidare*» i første periode i framlegget frå Odd A. Folkestad.

Midlane skal *inn til vidare* nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Odd A. Folkestad, med tilføyning frå ordføraren, vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i formannskapet - 14.06.2016 til kommunestyret:**

1. *Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253.000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal oyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum.*  
*Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.*
2. *Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.*
3. *Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal lovvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.*

#### **PS 115/16 Orienteringssaker**

#### **OS 94/16 Søknad om utsett frist til å ta stilling til kommunesamanslåing som kryssar fylkesgrensa**

Møtet slutt kl. 17:40

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
15.06.2016

Sonja Håvik  
konsulent



Opinion:

## Innbyggerundersøkelse kommunereform Stryn, Hornindal og Volda

Gjennomført i mai/juni 2016



13. juni 2016



Nora Clausen

## Kort om undersøkelsen

### Prosjektinformasjon

**Bakgrunn og mål** Kartlegge holdninger til eventuell kommunesammenslåing blant innbyggerne i kommunene Stryn, Hornindal og Volda.

**Oppdragsgiver** Stryn, Hornindal og Volda kommuner

**Målgruppe** Representativt utvalg av innbyggerne i Stryn, Hornindal og Volda, fra 16 år (fyller 16 år i 2016)

**Antall respondenter (n=):** 1801 (hvorav 801 i Stryn, 200 i Hornindal og 800 i Volda)

**Metode** Telefonundersøkelse (CATI)

**Vektning** Resultatene er vektet på kjønn, alder og geografi (kommune)

**Tidspunkt for datainnsamling** F.o.m. 27. mai t.o.m. 10. juni 2016

**Feilmarginer**  $\pm 1,0$  og  $\pm 2,2$  prosentpoeng på hovedfrekvensnivå. Feilmarginer er større på undergrupper.

Stryn: Ved 801 intervju er feilmarginene 1,4-3,3 prosentpoeng  
Hornindal: Ved 200 intervju er feilmarginene 2,8-6,3 prosentpoeng  
Volda: Ved 800 intervju er feilmarginene 1,4-3,3 prosentpoeng

**Ansvarlig konsulent i Opinion AS** Nora Clausen, seniorrådgiver | nora@opinion.no | 984 03 047

## Om utvalget

### HORNINDAL

Kjønn	Antall (n)	Andel
Kvinne	108	54,0 %
Mann	92	46,0 %
Total	200	100,0 %
Alder	Antall (n)	Andel
16-29 år	33	16,5 %
30-44 år	37	18,5 %
45-59 år	57	28,5 %
60 år+	73	36,5 %
Totalt	200	100,0 %

### STRYN

Kjønn	Antall (n)	Andel
Kvinne	384	47,9 %
Mann	417	52,1 %
Total	801	100,0 %
Alder	Antall (n)	Andel
16-29 år	107	13,4 %
30-44 år	136	17,0 %
45-59 år	228	28,5 %
60 år+	330	41,2 %
Totalt	801	100,0 %

### VOLDA

Kjønn	Antall (n)	Andel
Kvinne	370	46,3 %
Mann	430	53,8 %
Total	800	100,0 %
Alder	Antall (n)	Andel
16-29 år	116	14,5 %
30-44 år	165	20,6 %
45-59 år	213	26,6 %
60 år+	306	38,3 %
Totalt	800	100,0 %

### Totalt for alle tre kommunene


Kommune	Antall (n)	Andel
Hornindal	200	11,1 %
Stryn	801	44,5 %
Volda	800	44,4 %
Total	1801	100,0 %

## Om feilmarginer

- Enhver undersøkelse har feilmarginer. Feilmarginene knytter seg i hovedsak til til statistisk usikkerhet. Dette er utvalgsskjeheter, som medfører at utvalget ikke er identisk med universet eller målgruppen. Ulikheter kan knyttet seg til bestemte kjennetegn eller adferd.
- Ved 1801 respondenter eller intervju (n=1801), der vi har en populasjonsstørrelse på ca. 17 300, kan vi med 95% sannsynlighet si at det korrekte resultatet ligger innenfor  $\pm 1,0$  og  $\pm 2,2$  prosentpoeng, avhengig av prosentresultatets størrelse. Usikkerheten er størst ved et prosentresultat på 50% og minst ved prosentresultat på 5%/95%.
- Feilmarginene ved ulike utvalgstørrelser og ulike prosentresultat ved 95% signifikansnivå er vist i tabellen nedenfor.

	Utvalgs- størrelse	Populasjon	Prosentresultat									
			5 %	10 %	15 %	20 %	25 %	30 %	35 %	40 %	45 %	50 %
Stryn	801	7155	1,4 %	2,0 %	2,3 %	2,6 %	2,8 %	3,0 %	3,1 %	3,2 %	3,2 %	3,3 %
Hornindal	200	1221	2,8 %	3,8 %	4,5 %	5,1 %	5,5 %	5,8 %	6,0 %	6,2 %	6,3 %	6,3 %
Volda	800	8977	1,4 %	2,0 %	2,4 %	2,6 %	2,9 %	3,0 %	3,2 %	3,2 %	3,3 %	3,3 %
Samla	1801	17 353	1,0 %	1,3 %	1,6 %	1,7 %	1,9 %	2,0 %	2,1 %	2,1 %	2,2 %	2,2 %



# Hovedresultater



**For eller mot sammenslåing?**

## Flertall for sammenslåing i alle tre kommunene

Totalt for alle tre kommunene





Er du for eller mot at [NAVN PÅ] kommune slår seg sammen med en eller flere andre kommuner?



1801

STRYN


## STRYN: Flere er for enn mot - uansett kjønn, alder og kommunedel



Er du for eller mot at Stryn kommune slår seg sammen med en eller flere andre kommuner?

n= 801


## 7 av 10 foretrekker kun Hornindal ved en sammenslåing



DERSOM Stryn slår seg sammen med en eller flere andre kommuner, hvilket av følgende to alternativ synes du er best?


n=

801



HORNINDAL


## HORNINDAL: Klart flertall for sammenslåing - uansett kjønn og alder



Er du for eller mot at Hornindal kommune slår seg sammen med en eller flere andre kommuner?

200

## 7 av 10 foretrekker både Stryn og Volda ved en sammenslåing



DERSOM Hornindal slår seg sammen med en eller flere andre kommuner, hvilket av følgende to alternativ synes du er best?

n=

200

## Like mange foretrekker sammenslåing nordover som sydover

At Hornindal slår seg sammen med en eller flere kommuner i sør, det vil si minimum Stryn



44 %

- Blant kvinner sier litt flere nordover enn sydover (51 % vs. 43 %). Blant menn er det omvendt: 46 % sier sør over, 38% sier nordover

At Hornindal slår seg sammen med en eller flere kommuner i nord, det vil si minimum Volda



44 %

- Overvekt blant de som er mot sammenslåing sier nordover versus sydover (49% vs. 42%). Overvekt blant de som er for sammenslåing sier sør over versus nordover (60% vs. 29%)

Vet ikke / annet



12 %




Hvilket retningsvalg foretrekker du, DERSOM Hornindal slår seg sammen med en eller flere andre kommuner?




n= 200

VOLDA


## VOLDA: Flertall for sammenslåing - uansett kjønn og alder



Kjønn



Alder




Er du for eller mot at Volda kommune slår seg sammen med en eller flere andre kommuner?


n=

800

## Jevnt, men litt flere sier både Hornindal og Stryn enn kun Hornindal



De som er mot sammenslåing sier i størst grad Volda og Hornindal, de som er for sammenslåing sier i størst grad Volda, Hornindal og Stryn.



DERSOM Volda slår seg sammen med en eller flere andre kommuner, hvilket av følgende to alternativ synes du er best?

n=

800

## Hva foretrekker man hvis Volda og Ørsta blir tvangssammenslått?



En folkeavstemning har vist at det ikke er flertall for sammenslåing av Volda og Ørsta. DERSOM Volda og Ørsta likevel skulle bli slått sammen med tvang, hvilket av følgende tre alternativ synes du i så fall er best?


n=

800




Opptatt av sammenslåing?

## Nesten 6 av 10 er i stor grad opptatt av sammenslåing



Flertall er opptatt av dette i alle tre kommunene




I hvilken grad er du opptatt av spørsmålet om  
kommunesammenslåing?

n=

1801  
(alle)

# O Opinion:

INNSIKT SOM BRINGER DEG VIDERE



Opinion AS  
Vulkan 16  
0178 OSLO  
T: 21 300 400  
E: post@opinion.no  
[www.opinion.no](http://www.opinion.no)



## VOLDA KOMMUNE

### Rådmann

# NOTAT

Formannskapet og  
kommunestyret

#### Sak: Kommunereformen

Arkivsak nr.	Lopenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2014/137	7123/2016	020	ADM/RUNSJU	13.06.2016

#### KOMMUNEREFORMA - RESULTAT AV INNBYGGJARUNDERSØKING I HØVE TIL HORNINDAL OG STRYN - ENDELEG VEDTAK

Det vert synt til saksutgreiinga og rådmannen si innstilling i høve til endeleg vedtak i kommunereforma. Staten har sett frist til 1. juli til å gjere endeleg vedtak. Rådmannen har på grunnlag av kommunestyret sitt vedtak søkt fylkesmannen om utsett frist. Kommunen har ikkje motteke svar på søknaden. Behovet for utsett frist var særleg aktuelt med tanke på om ein skulle gå for ein storkoalisjon mellom Stryn, Hornindal og Volda. Det ville vere meir komplisert, og ein ville derfor ha behov for meir tid.

Resultatet frå innbyggjarundersøkinga ligg no føre og følgjer som vedlegg til dette notatet. Det vert vist til oppsummeringa som viser at det er eit stort fleirtal i alle tre kommunane for samanslåing. Når det gjeld val av konstellasjon er resultatet slik:

#### Stryn:

- Stryn og Hornindal 70 %
- Stryn, Hornindal og Volda 27 %
- Veit ikkje/anna 4 %

#### Hornindal:

- Hornindal, Stryn og Volda 71 %
  - Hornindal og Stryn 26 %
  - Veit ikkje/anna 3 %
- 
- Samanslåing sørover – min. Stryn 44 %
  - Samanslåing nordover – min Volda 44 %
  - Veit ikkje/anna 12 %

#### Volda:

- Volda, Hornindal og Stryn 45 %
- Volda og Hornindal 41 %

- Veit ikkje/anna 14 %

I spørsmålet om samanslåing ved tvang er Voldingane like positive til alternativet Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn (35 %) som alternativet Volda og Ørsta (35 %). Alternativet Volda, Ørsta og Hornindal får 24 % oppslutning.

Det er intervjuet 200 personar frå Hornindal, 801 personar frå Volda og 800 personar frå Stryn. Feilmarginane er 2,8 – 6,3 prosentpoeng ved 200 intervju og 1,4 – 3,3 prosentpoeng ved 800 intervju.

Folkerøystinga i Stryn viste slik resultat:

- |                             |        |
|-----------------------------|--------|
| - Stryn og Hornindal        | 57,1 % |
| - Stryn som i dag           | 30,1 % |
| - Stryn, Hornindal og Volda | 11,7 % |
| - Blank                     | 1,1 %  |

Resultatet frå folkerøystinga i Stryn syner eit fleirtal for ei samanslåing av kommunane Stryn og Hornindal. Resultatet syner også tydeleg at innbyggjarane i Stryn ikkje ynskjer ei samanslåing av Stryn, Hornindal og Volda.

Alternativet Volda og Ørsta har innbyggjarane sagt nei til ved folkerøysting. Med bakgrunn i dei sentrale premissane for kommunereforma er det naturleg at ein går vidare med prosessen ut frå frivillig samanslåing. Spørsmålet om ev tvang vil liggje til regjering og Storting å ta stilling til.

Hornindal er ut frå innbyggjarundersøkinga like positive til Volda som til Stryn, og det vil såleis ligge til kommunestyret i Hornindal å avgjere kva retning dei skal velje. Volda kommunestyre har møte 16. juni og Hornindal 30. juni, slik at det er kommunestyret i Volda som er først ute med å gjere vedtak. Ettersom ein må kunne tolke Hornindal som positive til Volda, så må ein kunne leggje til grunn at det er ope for ei frivillig samanslåing mellom Volda og Hornindal. Det har under heile kommunereformprosessen vore lagt til grunn at det ikkje er eit reelt alternativ for Volda å halde fram åleine. Dersom kommunestyret held fast ved ein slik konklusjon, så gir det seg sjølv at Volda kommunestyre gjer vedtak om å slå seg saman med Hornindal kommune. I så fall vert det å kome attende til nærmare tilpassing av intensjonsavtalen som er inngått med Stryn, Hornindal og Volda. Ein må gå ut frå at Stryn vil gjere liknande vedtak. Dette kan innebere at dei kommunane som kan avklare dette før 1. juli får i stand ei frivillig samanslåing.

Med Kvivsvegsambandet er det ei naturleg utvikling av Hornindal ser til Volda. Det er kort til eit stort tal kompetansearbeidsplassar og regionale senterfunksjonar med Høgskule og sjukehus. Volda vil ha fordelar med å knyte til seg Hornindal i eit breiare regionalt perspektiv, samtidig som den korte avstanden til Grodås vil gi eit betre grunnlag for tenesteytinga i Austefjordområdet.

Vedtaket om folkerøysting vil leggje hindring for ei framdrift der dette kan avklarast før fristen 1. juli. Rådmannen kan med bakgrunn i dette heller ikkje tilrå at samanslåing med Hornindal vert vedteke innanfor fristen. Dette må i så fall løysast gjennom den politiske handsaminga i formannskapet 14. juni og kommunestyret 16. juni.

Med helsing

Rune Sjurgard  
Rådmann

Vedlegg:  
Resultatet av innbyggjarundersøkinga, datert 13.06.16.